

Nærings- og fiskeridepartementet

[postmottak@nfd.dep.no](mailto:postmottak@nfd.dep.no)

Fitjar, 27. desember 2023

## **Høyringsvar til NOU 2023: 23 «Helhetlig forvaltning av akvakultur for bærekraftig verdiskaping»**

### **Innleiing – kort om Engesund Fiskeoppdrett**

Engesund Fiskeoppdrett AS er ei familieverksemd med base i Fitjar kommune, i Vestland fylke. Me er ein av landets minste attverande fiskeoppdrettarar, med berre ein konvensjonell konsesjon. I takt med innføringa av soneforskrifter kring 2010, sto me overfor valet mellom å omstille oss til ein meir spreidd struktur, eller å kaste korta. Me valde å satse i Masfjorden kommune i Nordhordland, og etter kvart Solund i Sogn. Me søkte og fekk visningsløyve, og etter kvart grøn C-konsesjon. Visninga er lokalisert til Fitjar, medan me har eit flytande semilukka betonganlegg i Masfjorden for produksjon av fisk opp til 400 gram, som grunnlag for den grønne konsesjonen.

Me vil i dette høyringsvaret gje svar og innspel til nokre av problemstillingane Havbruksutvalet har drøfta, og som etter vår vurdering er av stor betydning for at akvakulturnæinga også i framtida skal ha aktørar med ulik storleik.

### **Svar til punkt 12 om tidsavgrensning av akvakulturløyver**

Engesund Fiskeoppdrett AS er prinsipielt skeptisk til forslag om å tidsavgrense akvakulturløyver. Havbruksutvalet har foreslått at laks, aure og regnbogaure ikkje skal avgrensast i tid, men at alle andre artar bør få ei tidsavgrensning. Forslaget vil kunne hindre at akvakulturnæinga får fleire bein å stå på, ut over laks og aure. Vi har fleire løyver til oppdrett av tare. Moglegheitene her er mange, men det tek tid å bygge opp ei næring både når det gjeld produksjonsmetodar, teknologi og marknad for omsetnad av produkt. Med ei tidsavgrensning vil investeringsviljen og dermed utviklinga stagnere.

Me trur ikkje at laks- og aureoppdrett hadde blitt den suksessen me har sett dersom løyva var avgrensa i tid. Når argumentet frå utvalet er å inndrive delar av ei grunnrente, bør ein heller vurdere grunnrente i si reine form i staden for å innføre ei stor usikkerheit i form av uklare rammevilkår med tanke på vidare drift. Ingen aktørar kan gjere investeringar i kostbart utstyr dersom ein ikkje har tilstrekkeleg tidshorison. Sjølv ved ein lang tidshorison vil aktørane naturleg nok måtte stoppe alle investeringar når ein nærmar seg slutten av tidsavgrensinga og fram til det er avklart om ein har fått fornya varigheit. Me vil derfor sterkt rå i frå å avgrense eksisterande og nye løyver i tid.

### **Svar til punkt 11.3 om fjerning av særtilkår på selskapstillatser**

Som nemnt i innleiinga har vi eit grønt løyve i kategori C. Eit av driftsvilkåra våre er at fisken som blir sett ut i sjø må være minst 400 gram og kome frå eit lukka flytande anlegg i sjø. Tanken er at ved å sette ut ein større fisk i open fase (i tradisjonell not), reduserer ein tida fisken kan få lusepåslag. Bruk av stor settefisk har vist å ha god effekt på utvikling av lusepopulasjonar og er dermed eit viktig bidrag

for å redusere utfordringane med lakselus. Om fisken kjem frå eit lukka flytande betonganlegg eller frå eit landbasert settefiskanlegg er utan betydning for denne effekten.

På tidspunktet vi søkte om det grønne løyvet var det svært få settefiskaktørar som kunne levere stor settefisk. Difor var det på det tidspunktet rett å teste ut om større settefisk hadde effekt på luseproblematikken ved å ta i bruk lukka teknologi i sjø for å sikre tilgang til større settefisk. Me har i periodar hatt tekniske utfordringar med det lukka anlegget og har ved fleire høve blitt nødt til å søke dispensasjon frå kravet om at fisken måtte ha opprinnelse frå det lukka flytande betonganlegget.

Det lukka flytande anlegget har også produksjonsbegresningar med tanke på kor mange individ me klarer å produsere i løpet av eit år. I alle grønne løyve er det gitt eit forbud mot samdrift og samlokalisering på lokalitet med mindre heile lokaliteten blir drifta etter dei grønne vilkåra. Eit absolutt krav om at fisken må ha opprinnelse frå det lukka anlegget har gitt oss store utfordringar med tanke på produksjonssamarbeid med andre aktørar. Ettersom det lukka betonganlegget ikkje har stor nok produksjonskapasitet til å betjene meir enn vårt grønne løyve, har vi heller ikkje moglegheit til å inngå samarbeid på dei lokalitetene me også har grøn drift på. Dette gjer at me berre kan ha samarbeid på enkelte lokalitetar, og berre dei lokalitetane der me ikke har det grønne løyve i bruk. Ettersom me berre har dei tre løyva omtalt innleiingsvis, skaper dette driftsutfordringar og reduserer våre moglegheiter til å oppnå stordriftfordelar i samarbeid med andre. Etter vår vurdering er dette eit godt døme på at vilkåra som skulle sikre uttesting av ny teknologi og nye produksjonsmetodar er utdatert og bør opphevast.

Konverteringa / fjerninga av vilkår bør skje utan noko ytterligere vederlag. Tillatelsene blei kjøpt til markedspris ved tildeling og med vilkår om å dele informasjon og erfaringer i form av årlege rapportar. Vi måtte gjere store investeringar i kostbart pilotutstyr der vi også har hatt store vedlikeholds- og utbetningskostnadar undervegs. Rapporteringa har no føregått i snart 10 år. Vårt løyve har blitt drifta med høge meirkostnadar knytta til utvikling av førstegenerasjons utstyr. Erfaringane herifrå har kome heile nærina til gode. Vi meiner derfor at det ikkje er rimeleg at det skal krevjast eit ekstra vederlag for å ta vekk særvilkår som ikkje lenger er føremålstenelege.

Dersom staten skulle krevje vederlag for å legge til rette for effektive og samfunnsnyttige reglar, står vi nærast overfor ein situasjon der det offentlege utnyttar maktposisjonen og ikkje bidreg til ei fornuftig vidareutvikling utan at det blir betalt ekstra til staten. Eit krav om vederlag for å ta vekk vilkår, vil etter vår vurdering grense mot maktmissbruk.

Me støttar Havbruksutvalet sitt forslag om å fjerne særlige driftsvilkår på ordinære løyver, og at dette bør gjerast snarast råd, utan vederlag. Det vil gi direkte effekt for næringa og forvaltninga og innebærer ei viktig forenkling som bidreg til at heile næringa kan drive hensiktsmessig og etter dei til ei kvar tid beste produksjonsmetodar. Dette er eit tiltak ein ikkje bør avvente eiga handsaming i form av stortingsmelding, og departementet bør sjå på moglegheita for ei snarleg effektuering.

## **Svar til punkt 11.2 «Tillatelser til særlige formål»**

### **Vår bakgrunn for å søkje om visningsløyve**

Visningsløyvet har vore avgjerande for vår evne til å drive vidare som fiskeprodusentar, men motivasjonen var i utgangspunktet å nytte den lokaliseringa og kompetansen me hadde til å auke kunnskapen om næringa, og å skape aktivitet og arbeidsplassar i Fitjar. Lokaliteten ved Dyrholmen ligg lageleg til for å transportere besøkjande frå Fitjar sentrum og ut til visningsanlegget. Turen går gjennom klassisk vestnorsk skjergard, og ein passerer mellom anna den godt bevarte handelsstaden

Engesund, som framleis er i familien. Dyre- og fuglelivet i området gir ein ekstra dimensjon til naturopplevinga. For mange gjestar, særleg dei utanlandske, er dette første gongen dei får reise med ein open båt på sjøen.

Sentralt i visningskonseptet står ei spesialbygd flåte, som ved sidan av dei praktiske installasjonane som er vanlege på ei fôringsflåte, er spesielt tilrettelagd for besøkjande. Me har laga ei innadørs utstilling som syner vår og næringa si historie, og formidlar kunnskap om produksjonen av laks og aure. Med gode kjøken- og serveringsfasilitetar, kan ein nyte smaken av havet like ved merdane. Ved å bruke eit ståanlegg, er tilkomsten for publikum best mogleg heilt inntil nota.

I søknaden om visning la me vekt på at me ville bruke personell med pedagogisk kompetanse til å utvikle og drive visninga, og dette har me stått fast ved heile vegen. Me er hundre prosent opne for spørsmål og diskusjonar som gjestene bringar inn, og det krev at ein heile tida oppdaterer seg på alt som skjer i næringa, langt utover vår eiga drift. Me delteke på samlingar og kurs, og oppdaterer utstillinga og materiellet vårt fortløpande.

### **Har nokon behov for visning?**

Dei fleste verksemder som produserer varer for privatkonsum, ynskjer å syne seg fram for publikum. Ein kan besøkje museum for ølbrygging i Dublin, eller bilproduksjon i Torino. Det handlar om industrikultur og marknadsføring av produkt. For oss i havbruksnæringa handlar det å invitere gjester inn til oss kanskje mest om å spreie kunnskap og å skape legitimitet for vår produksjon.

Havbruk er enno ei relativt ny næring, og blant primærnæringane er me som svært ferske å rekne. Me må rekne med å møte både skepsis og motstand. Det er viktig for oss å kunne møte dette med ei open dør. Å drive visning er noko mykje meir enn å ta i mot enkelte besøk hos bedrifta. Me har inngått ein kontrakt med forvaltninga for vårt visningsløyve, der me legg aktivt til rette for at alle skal kunne kome til oss, me har faste og lange opningstider, me lar folk kome tett på produksjonen og me er opne og ærlege i det me kommuniserer. Visning er besøk på gjestane sine premisser.

Me ser på visningstilbodet som ei openheitsavtale med samfunnet, og som ei teneste me utfører på vegne av heile næringa. Verdien av norsk laks, kviler og på den legitimiteten næringa har i samfunnet, og den tilliten norske produsentar har verda over. Visning er meir ei open rapportering og ein invitasjon til å sjå oss i korta, enn det er ei produktmarknadsføring.

For mange er eit besøk på visningsanlegg eit betydeleg påfyll av kunnskap, om eit produkt dei enten har eit nært forhold til, eller har vore skeptiske til. For andre, som barn og ungdom, handlar det like mykje om å oppleve næringa som arbeidsgjevar. Dei får kunnskap om alle fagområda og oppgåvene som finst i ei oppdrettsverksemd, korleis arbeidskvardagen kan vere, og kva utdanningsløp som kan føre fram til ein jobb i næringa. For turistar er besøket gjerne ei oppleving av næringsliv som dei har svært lite forkunnskap om, men som dei opplever som interessant og opplysende.

For oss er det eit viktig poeng at visning skjer ved eit kommersielt oppdrettsanlegg, og ikkje ved eit akvarium eller eit oppdrettsmuseum. Det gjestane opplever er ikkje eit forminska eller stilisert bilete av ein produksjon og ei næring, men ein faktisk del av den norske lakseproduksjonen. Det dei ser, er ikkje forskning eller framstilling, men matproduksjon.

Gjennom Engesund Fiskeoppdrett sitt teknologiske engasjement for næringa, med mellom anna utvikling av semilukka anlegg i sjø og bruk av laserteknologi mot lus, reknar me oss og som svært godt skodde til å gje kunnskap om korleis næringa utviklar nye produksjonsmetodar.

### **Vårt visningsopplegg**

Engesund Visningscenter er ope kvar einaste dag, året rundt. Frå midten av august til midten av juni har me faste visningsturar med båttransport frå Fitjar kl. 09.00 og kl. 13.00. På sommaren har me faste turar kl. 11.00 og 14.00. Det er også mogleg å avtale andre tidspunkt, både i og utanfor opningstidene våre, og ein kan koma med eigen båt direkte til flåten.

Me strekke oss langt for å kome kvar enkelt gjest i møte. Vanlege grupper er alt frå 1-34 personar, men nokre gonger er gruppene større, og me leiger inn ekstra båt eller køyrer fleire turar. For oss er det særst viktig å ha god kvalitet på produktet me leverer, difor har me alltid guide og skreddarsyr opplegg/visningstur tilpassa enkelt gruppe, der me legg til rette i forhold til alder, kunnskap, språk, interesser (skulefag, bedrifter etc.).

Ein vanleg visningstur tar minimum 2-2,5 timar. Turen startar oftast på land på Fitjar. Her blir ein tatt varmt i mot, får ei omvising på fjernføringsstudio (ca. 15min), med informasjon om føret, fôråvarer, fôrfaktor, korleis me fôrar og viktigheita med eit bemanna fôrstudio. Etterpå får ein på seg redningsvest/dress, og me går gjennom sikkerheitsinstruks, før ein går om bord i båtane.

Turen ut til visningscenteret tar ca. 15 min, mellom holmar og skjer i dei vakre Fitjarøyane: Me teke eit stopp utanfor handelsstaden Engesund, der ein får eit kort historisk innblikk i korleis oppdrettsverksemda starta på sektistalet. Ute på visningscenteret får gjesten informasjon på merdkanten, om dagleg røktning, dødelegheit, dyrevelferd og matproduksjon i si heilheit (ca. 20min).

Deretter går turen ned i kjellaren, til utstillinga me har der (40-60min) Kjellaren har 5 kammer som blir brukt til utstillinga. Her snakkar me om historia til Engesund Fiskeoppdrett, og fiskeoppdrett generelt fram mot dagens næring. Me går gjennom laksen sin livssyklus, og samanliknar oppdrettslaks og villaks. Det blir vist film, og me delar ut smaksprøvar. Gjestane får alltid smaksprøve av laks/aure, og ofte smaksprøve av tørka tare, der me forklarar om taredyrking.

I rom 3 har me om miljø-fotavtrykk, Kva fotavtrykk det er hos næringa i dag, og kva me kan gjere for å redusere det. Me kjem inn på røming, forureining, fôråvarer, bruk av plast, CO2 avtrykk, lus og dyrevelferd/dødelegheit. Me snakkar og om viktigheita av berekraftig akvakultur, for å auke mattilgangen i framtida, og kva det vil innebere av arealforbruk. Me snakkar om teknologi, havbruk til havs, resirkuleringsanlegg, lukka anlegg osv.

Me orienterar og om utdanningsmoglegheiter og yrke relatert til akvakultur. Deretter går ein gjennom fôrsilo-rommet, her forklarar me litt om det tekniske. På veg ut/opp får gjestane sjå ein liten filmsnutt. Temaet her forandrar seg stadig. Så går turen tilbake til Fitjar, med mindre gjestene har bestilt lunsj/middag i restauranten vår på flåten.

I tillegg til det faste visningsopplegget, held me ei rekke arrangement gjennom året. Det er ulike kurs, turar i øyane, julelunsj, juleverkstad for born, strandrydding, båt-kafé om sommaren, etc. Me arrangerer og bedriftssamlingar, konfirmasjonar og andre type private selskap.

Desse arrangementa hjelper oss til å nå ut til fleire gjestar enn dei som målretta oppsøker visningsaktiviteten. Alle som besøker oss, uansett arrangement, får visningsrunden. Gjennom samarbeidet med reiselivet, når me og mange som ikkje har søkt seg mot visninga i utgangspunktet.

### **Kva verdiar skaper visningsaktiviteten?**

Den viktigaste verdien av visning, vil me seie er gjesteopplevinga, og møtet mellom lakseprodusentar og mange ulike menneske. Spørsmåla som kjem, og diskusjonane som oppstår, gir oss nye perspektiv på det å produsere fisk for menneske i heile verda. Det å spreie kunnskap om kvar maten kjem frå,

opplevast og svært meningsfullt, i eit samfunn der mange ikkje har kunnskap om råvarer, som strekke seg forbi butikkane sine kjøle- og frysediskar.

Husdyrhald er norsk kultur, og lakseproduksjon er ei vidareføring av fiskarbonden sin leveveg. Som etterkomarar av pionerar i næringa, er me stolte av å kunne formidle historia om fortida og notida på ein førstehands måte. Det er med på å skape identitet, historieforståing og interesse frå framtidens innovatørar.

Me har lagt vekt på å skape ei oppleving i grensesnittet mellom matkultur, kystkultur, naturoppleving, produktkunnskap, produksjonskunnskap og miljøkunnskap. Alt dette er perspektiv som høyrer til ei av kysten sine viktigaste næringar. Me får ikkje formidla alt dette samstundes, utan å ta folk ut på anlegga.

Ved sidan av verdien som besøka har for gjestane og oss, skaper visningsaktiviteten og verdier for lokalt og regionalt reiseliv. Me samarbeider med Visit Fitjar og medlemmane der; Fitjar Fjordhotel, PS Bryggekafe, Kråko Gjestetun/Fitjar camping, Kråko Utvikling, Spar Fitjar og Larsen ved Sjø'dn Gjestehamn og Fitjar kommune. Me er medlem i Visit Sunnhordland, som har 65 medlemsbedrifter. Vår visningsleiar sit i styringsgruppa for destinasjonsselskapet. Blant medlemmane har me eit ekstra nært samarbeid med Bekkjarvik Gjestgjevare og Stord Hotel, ved sidan av medlemmane i Visit Fitjar.

Utanom reiselivet er me også medlem i Fitjar Næringsråd. Me har tett kommunikasjon med både skular og barnehagar, spesielt i Fitjar kommune. Alle skular, barnehagar og idrettsorganisasjonar får koma gratis på besøk til oss. Dette er eit tilbod som dei er flinke til å nytte. Me legg opp ulike aktivitetar og tematikk tilpassa dei ulike gruppene/alderstrinna.

Visningstilbodet står for 4,5 årsverk direkte i Engesund Visningssenter. I tillegg kjem ringverknadane for reiseliv, varehandel og ulike typar tenesteyting.

### **Etterleving av formål og regelverk**

Engesund Visningssenter sitt visningsløyve er mellombels, og har nyleg vore gjennom evaluering og ny godkjenning. Denne prosessen er grundig, og me fekk beskjed om at dette var å rekne som ei ny søknad, med ditto krav om dokumentasjon.

Spørsmålet om dokumentasjon og etterleving av formålet om visning er komplekst, fordi regelverket som ordninga blir forvalta etter er kort og mangelfullt. Me ville gjerne sett at eit meir omfattande og tydelegare rammeverk kom på plass, slik at me kunne vere tryggare på at vår innsats er i tråd med dei formåla og retningslinene som forvaltninga ser føre seg.

Det å legge til rette for visning, med tilkomst for gjestar heile året og informasjon som når fram til alle, kostar pengar. Flåten, som har fasilitetar som eignar seg for besøkjande i grupper og med ulike behov, og samstundes har ei utforming som gjere nærleiken til produksjonen best mogleg, er ei langt større investering enn for eit kommersielt anlegg for ein tilsvarande lokalitet. Me har laga eit eige oppsett for direkte investeringar som er gjort i anlegg og utstyr for visninga, de finne de på slutten av dokumentet.

### **Eit samandrag av våre synspunkt**

Etter meir enn ti år med visningstilbod, titusenvis av gjestar, besøk av skuleklassar, barnehagar, pensjonistlag, bedrifter, foreiningar og andre besøkjande, er det vårt syn at eit like relevant, autentisk og oppdatert tilbod om å lære næringa å kjenne, aldri kunne blitt skapt av å støtte opp om visning som eit tilbod lausrive frå kommersiell matproduksjon. Det å få kome tett på, har ein verdi som er langt større enn det å få kike inn gjennom eit lite hol.

Me vil ta til orde for ei styrking og ei presisering av ordninga med visningskonsesjonar, med strengt definerte formål og eit regelverk som er eigna til å etterleve og etterprøve. Me opplever at mange aktørar har investert mykje i gode visningsfasilitetar, og nyttar ressursar på personell som er godt fagleg og pedagogisk kvalifisert til å imøtekome alle besøkjande sine spørsmål og innspel.

Ei inndraging eller styrt avvikling av løyva til velfungerande og etablerte visningsanlegg, vil gå ut over reiseliv, tenesteyting og kunnskapsformidling lokalt og regionalt. Det vil ta verdien frå store investeringar som er gjort i anlegg, utstyr og tilrettelegging, og avskaffe kompetansarbeidsplassar i distrikta. For næringa vil det vere eit tilbakeslag i høve til den plikta ein har til å kommunisere med og informere samfunnet rundt oss.

I åra som kjem vil den teknologiske utviklinga i næringa gå vidare, og aktørar som sjølve teke del i dette skiftet vil vere dei næraste til å gje ei autentisk, relevant og oppdatert formidling av korleis den norske produksjonen av laks og aure går føre seg. Me håpar difor at departementet ser behovet for visningsløyva og **ikkje** tek forslaget frå Havbruksutvalet om å avvikle visningsordninga til følge.

***Svein Eivind Gilje***

***Dagleg leiar***

***Engesund Fiskeoppdrett AS***

### **Besøkstal for Engesund Visningsssenter, 2021-2023**

#### **Totalt 7501 gjestar**

Av desse var:

790 skular, barnehagar, idrettsforeiningar.

2252 var 9. klassingar.

Gjestar utanom 4459.

Alle skular, barnehagar og idrettsforeiningar kjem gratis på besøk til oss. For 9. klassen har me eit ekstra opplegg der me har eit forlenga besøk, og der Engesund betalar transport frå/til skulen.

I tillegg til desse, har me mange gratis arrangement og gir ut veldig mange gratis gåvekort i forbindelse med sponing, gåver eller invitasjonar.

I fjor ga me ut 15.000 gåvekort i postkassa til folk i Sunnhordland, i år skal me sende ut 22.000.

De vil seie at minimum 60% av våre gjestar kjem gratis på besøk til oss.

## Årleg driftskostnad og investeringar gjort på Engesund Visningscenter

### Årlege driftskostnader:

Budsjett utrekna:

Løn tilsette ca. 4,5 årsverk.	ca. Kr. 2 400 000
Kostnadar skuleklassar	ca. kr. 215 000
Kostnadar skuleklassar buss transport	ca. kr. 230 000
Marknadsføring	ca. kr. 400 000
Medlemsforum	ca. kr. 70 000
Kursing	ca. kr. 150 000
Arrangement	ca. kr. 150 000
Kjøkkenutstyr/klede tilsette	ca. kr. 50 000
Sponsing bedrifter/organisasjonar	ca. kr. 20 000
Sponsing gratis transport/mat	ca. kr. 200 000
Vedlikehald båt/bygg/redningsvestar etc.	ca. kr. 100 000
Ymse	ca. kr. 15 000
<b>Totalt:</b>	<b>ca. kr. 4 000 000</b>

### Innvesteringer gjort før opning:

Flåten (med kjøkken/restauranten/oppe osv)	kr. 13.000.000
Innredning flåte	kr. 2.500 000
MS Ingeborg	kr. 3 500 000
HardRib x2	kr. 1.200.000
Redningsdressar/vestar/redningsflåte	kr. 430 000
Støvlar/buff	kr. 50 000
Oppussing resepsjon/dressrom Fitjar	kr. 100 000
<b>Totalt:</b>	<b>kr. 20.780.000</b>